

Saksprotokoll 15.06.2020 - Kontrollutvalet

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, orienterte om status når det gjeld vidare oppfølging av punkt 2 som gjeld gråsteinsmuren og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Lars Fjeldstad, som er ordførar i Osterøy kommune, ba om å få sin habilitet vurdert. Kontrollutvalet vart samrøystes einige om at han er inhabil i saka. Han fratrådde under handsaminga av saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen når det gjeld evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av det som gjeld gråsteinsmuren, til møte i utvalet 12.10.2020.
3. Den skriftlege rapporteringa vert å sende sekretariatet innan 21.09.2020.